

MØTEBOK

Kommune	Styre, råd, utval	Møtestad	Møtedato	Frå kl. 19.00 Til kl. 21.30
Aurland	fjellstyret	Fjordsenteret	14.12.11	

TIL STADES PÅ MØTET

Medlemar Erling Nesbø, May Britt Martinsen, Bente Steine, Bjørn Ebne, John Håland.

Vara-medlemar Ingen

Andre Håkon Øydvinn, Harald Skjerdal.

HANDSAMA SAKER

Sak nr./år
23/11, 24/11, 25/11, 26/11, 27/11, 28/11.

UNDERSKRIFTER

Vi stadfestar med våre underskrifter at blada i møteboka som vi har signert for er førde i samsvar med det som blei fastsett på møtet.

UTSKRIFTER

Hovudutskrift er sendt til
Fjellstyremedlemene og -varamedlemene, Aurland folkebibliotek.

MØTEBOK

Aurland fjellstyre

Møtedato: 14.12.11

Stad: Fjordsenteret

Sak 23/11. Referat og meldingar

Følgjande meldingssaker vart referte:

- 1) Møtebok fjellstyremøte 25. november
- 2) Statsbudsjettet for 2012: Tilskotsposten *Oppsyn i statsallmenning* føreslegen vidareført med uendra kronesum, 9,3 mill. kroner. I SNO-budsjettet vert *tenestekjøp frå fjellstyra* vidareført med 4,5 mill kroner.
- 3) Oppsummeringsmøte etter jakta på Hardangervidda halde i Kinsarvik den 3. desember. Erling og Harald deltok, og informerte frå møtet. 1376 dyr felt, 27,5 %.
- 4) Fagsamling for fjelloppsynet 16.-18. januar 2012, på Værnes, Stjørdal
- 5) EU sitt vassdirektiv – organisering av «Vassområde Indre Sogn.» Info frå møte halde i Aurland rådhus den 8. desember.
- 6) Utdeling av materiell til fjellstyremedlemene:
 - Oversiktskart over statsallmenningar i Sør-Noreg
 - Fjelleva
 - Forvaltingsplan for Aurland statsallmenning 2011-2014
- 7) Dato for neste fjellstyremøte vert **onsdag 1. februar.**

MØTEBOK

Aurland fjellstyre

Møtedato: 14.12.11

Stad: Fjordsenteret

Sak 24/11. Fjellstyrebudsjettet for 2012

Framlegg til budsjett låg føre, saman med kommentarar til dei ulike postane.

Handsaming i møtet:

Fjellstyret gjekk gjennom heile budsjettforslaget, og gjorde nokre endringar både på inntekts- og utgiftssida.

Samrøystes vedtak:

Budsjettframlegget vert godkjent med følgjande endringar:

På inntektssida vert post *3011 Utleige arbeidskraft* auka til kr. 600.000, slik at sum inntekter vert kr. 1.768.000.

På utgiftssida vert *7004 Tilskot til allmennyttige føremål* auka til kr. 5000, *7010 Møte/kurs/reiser* auka til kr. 40.000, og byte av snøskuter auka til kr. 130.000. Med desse påplussingane vert sum utgifter kr. 1.901.100. Samla gjev dette eit årsunderskot på kr. 133.100.

Sak 25/11. Søknad om utplassering av måleutstyr under kraftlinjer

Søknad og saksutgreiing med forslag til uttale låg føre. Fjellstyret sender uttale til Statskog SF.

Samrøystes vedtak:

Aurland fjellstyre vil rå frå at selskapet *Ably AS/Thomson Reuters* får løyve til å plassera ut to nye målestasjonar for måling av magnetfelt under kraftliner i Aurland statsallmenning. Slike tiltak har ingen lokal nytte- eller inntektsverknad, og kan føra med seg noko uro i samband med montering og tilsyn.

MØTEBOK

Aurland fjellstyre

Møtedato: 14.12.11

Stad: Fjordsenteret

Sak 26/11. Kvalrygghytta - søknad om vøling/ombygging

Søknad frå eigaren av hytta låg føre, oversend fjellstyret frå Statskog SF til uttale. Det låg og føre saksutgreiing med framlegg til uttale.

Handsaming i møtet:

Fjellstyret sakna meir målsette skisser av hytta, både slik ho står i dag og etter planlagd ombygging. Fjellstyret vil difor utsetja saka til slike skisser med påteikna mål ligg føre.

Samrøystes vedtak:

Saka vert utsett. Fjellstyret vil be om å få framlagt målsette skisser som syner både eksisterande hytte og hytta etter omsøkt vøling/ombygging.

Sak 27/11. Styregodtgjersle for 2011

Saksutgreiing låg føre.

Samrøystes vedtak:

Nye medleamar i fjellstyret får ei godtgjersle pr. møte i 2011 (november – desember) på kr. 500. For medlemane i det avtroppande fjellstyret vert det ingen endringar i styregodtgjersle i høve til det som er vedteke tidlegare.

Sak 28/11. Ureining i vilt- og fiskekjøt

Det låg føre eit skriftleg innspel frå John Håland, med ynske om at dette saksfeltet vert drøfta i fjellstyret.

Samrøystes vedtak:

Aurland fjellstyre gjev sekretæren i oppgåve å utreda moglegheiter for å kartlegga ureining i vilt og fisk frå Aurlandsfjella. Dette bør med fordel gjerast i samarbeid med t.d. Mattilsyn, Statens strålevern og andre fjellstyre i regionen. Kostnadsoverslag og faglege vurderingar skal leggest fram for fjellstyret ved fyrste høve, slik at fjellstyret kan effektuera eventuelle kartleggingstiltak.